

# HANDLINGSPLAN 2011 - 2015

## UNIVERSELL UTFORMING



# Innholdsfortegnelse

1. Husbankens handlingsplan for universell utforming 2011 - 2015	3
- bakgrunn og føremål	
1.1. Husbankens arbeid med tilgjenge og universell utforming	3
1.2 "Norge universelt utformet 2025	3
Regjeringens handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009-2013"	
1.2.1 Konkrete oppgaver for Husbanken	5
1.3 Sektorovergripande tiltak og tverrgående tema	6
2. Viktige målgrupper og samarbeidspartar	7
3. Status og utfordringar når det gjeld norsk bustadmasse	9
3.1. Eksisterande bustader	9
3.2 Nye bustader	10
3.3 Bumiljø og områdeutvikling	10
4. Husbankens mål, strategi og tiltak	11
4.1. Arbeidsmål 1: Auke kunnskap og kompetanse om universell utforming	11
4.1.1 Strategiar for arbeidsmål 1	11
4.1.2 Tiltak arbeidsmål 1	11
4.2 Arbeidsmål 2: Effektiv bruk av økonomiske ordningar	12
4.2.1 Strategiar arbeidsmål 2	12
4.2.2. Tiltak arbeidsmål 2	12
4.3 Arbeidsmål 3: Evaluering	13
4.3.1 Strategiar arbeidsmål 3	13
4.3.2 Tiltak arbeidsmål 3	13
5. Rammer og verkemiddel	14
5.1. Internasjonalt	14
5.2. Nasjonalt	15
5.3 Husbankens verkemiddel og verktøy	16
6. Strategiar for vidare arbeid	19

# 1. Husbankens handlingsplan for universell utforming 2011 - 2015 - bakgrunn og føremål

Husbankens handlingsplan skal medverke til at Husbanken når overordna mål om å auke talet på universelt utforma bustader, bygg og uteområde. Handlingsplanen viser korleis ein kan nå måla gjennom målretta bruk av grunnlån og andre verkemiddel.

Planen viser også korleis Husbanken skal følge opp regjeringa sin handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge 2009-2013. Ved nye nasjonale føringar etter 2013 vil handlingsplanen bli revidert.

Gjennom arbeidet med handlingsplanen skal Husbanken også gi innspel og medverke til vidare politikktutforming på området og betre effektiviteten i rapportering til overordna styresmakt. I det årlege tildelingsbrevet frå Kommunal- og regionaldepartementet blir oppgåvene ytterligare konkretisert.

Husbanken sine viktigaste målgrupper i arbeidet med universell utforming er ambisiøse aktørar i kommunane, bransjen og kompetansemiljø.

## 1.1. Husbankens arbeid med tilgjenge og universell utforming

Husbanken har lang tradisjon med å arbeide for betre tilgjenge i norske bustader og buområde. Alt tidleg på 1980-talet blei livsløpsstandarden innført som eit omgrep. Standarden skulle sikre trinnfri tilkomst frå biloppstillingsplass, og tilgjenge til sentrale funksjonar i bustaden for brukarar av rullestolar.

Omgrepet universell utforming blei introdusert i Noreg første gong i 1997. Fokus endrar seg no frå å tilpasse for spesielle grupper til å planlegge og utforme bygg, omgivnader og produkt på ein slik måte at dei kan brukast av alle. Likestilling, likebehandling og likeverd er sentrale ideologiske omgrep som er knytt til universell utforming.

Gjennom medverknad rundt planlegging av bustader og bustadområder, områdeutvikling og bustadsosialt arbeid i kommunane, har Husbanken ei viktig rolle som pådrivar for at ideologien rundt universell utforming blir ein integrert del av samfunnsutviklinga.

Denne handlingsplanen skal legge føringar for korleis Husbanken skal arbeida innan feltet universell utforming gjennom mål og strategiar.

### Definisjonar

Universell utforming er utforming av produkt og omgivnader på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneske, i så stor utstrekning som mogeleg, utan behov for tilpassing og ei spesiell utforming. (The Center for Universal Design ved North Carolina State University)

Universell utforming er utforming eller tilrettelegging av hovudløyninga i dei fysiske tilhøva, også informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) slik at verksemdas alminnelege funksjon kan nyttas av flest mogeleg. (Diskriminerings- og tilgjengelighetslov § 9).

## 1.2 "Norge universelt utformet 2025. Regjeringens handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009-2013"

Målet om auka tilgjenge i samfunnet har høg prioritet. Regjeringa sin visjon er at Noreg skal vere universelt utforma innan 2025. Handlingsplanen viser korleis regjeringa vil leggje grunnlag for å nå ambisjonane gjennom tidsfastsette mål og tiltak. Planen omhandlar dei fleste samfunnsområda og alle departementa er involvert i gjennomføring av planen.

## Historikk

I 1976 kom omgrepet tilkomst inn i Plan- og bygningslova gjennom Bygningslov av 18. juni med endringar, sist ved lov av 28. mai 1976. Kommunal og Regionaldepartementet.

På 1980 talet blei omgrepet "universal design" lansert av ei tverrfagleg gruppe leia av Ronald Mace ved North Carolina State University. Gruppa arbeidde med tilgjengelege løysningar og utvikla 7 prinsipp innanfor omgrepet universell utforming.

I 1982 blei livsløpsstandard introdusert gjennom Husbankens tilskotsordning.

Den 26. juli 1990 signerte president Georg Bush ADA lovgivningen American with Disability Act.

1995 kom Disability Discrimination Act, som gjorde diskriminering av funksjonshemma ulovleg over hele det britiske samveldet.

I 1997 blei omgrepet "universell utforming" første gong tatt i bruk av norske myndigheiter, i eit hefte utgitt av Statens råd for funksjonshemma.

Den 6. desember 2006 blei FN Convention on the Rights of Persons with Disabilities, article 2 vedtatt av FNs generalforsamling, og signert av Norge 30.3. 2007.

7. juni 2008: Revisjon av PBL, plandelen vedteken.

1. februar 2009 trer lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne (Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven) i verk. Ot.prp nr. 44 (2007-2008).

8. mai 2009: Revisjon av Plan og bygningsloven, byggesaksdelen blir vedteken.

Desember 2010: Den norske standarden NS 11001, universell utforming av byggverk, del 1 og del 2, blir lansert.

Handlingsplanen skal støtte opp under implementeringa av ny diskriminerings- og tilgjengelegheitslov, ny plan- og bygningslov og anna lovgiving som omhandlar universell utforming.

Planen skal også bidra til å oppfylle Noregs plikter ved ei ratifisering av FN-konvensjonen som omhandlar rettane til personar med nedsett funksjonsevne.

## Hovudsatsingsområde

Regjeringa prioriterer fire innsatsområde i handlingsplanen for universell utforming og tilgjenge:

- 1. Bygg og anlegg** - arbeidsmålet er fleire universelt utforma bustader, bygg og uteområde.
- 2. Planlegging og uteområde** - implementering av universell utforming i kommunale planar og fleire friluftsområde for allmenn bruk som er universelt utforma.
- 3. Transport** - overordna mål er eit transportsystem som så langt som råd er brukbart for alle menneske utan behov for tilpassing eller spesiell tilrettelegging. Transport og kommunikasjon er viktig også i eit bustadperspektiv og har stor betydning for eit godt fungerande bustadområde.
- 4. IKT** - hovudmål for IKT-politikken er eit informasjonssamfunn for alle. I tillegg til at alle skal kunne bruke IKT, ønskjer Husbanken å ha fokus på korleis ulike IKT-løysingar kan nyttast for å gi folk ein enklare og tryggare kvardag.

I tillegg til desse fire innsatsområda omhandlar handlingsplanen fleire sektorovergripande tiltak som utarbeiding av indikatorar og standardar, statleg kommunikasjonspolitikk, omsyn til barn og unge og forskning og utgreiing.

## 1.2.1 Konkrete oppgaver for Husbanken

Tiltak i regjeringas handlingsplan som er adressert til Husbanken direkte:

- **Tiltak B3** Informasjonsprogrammet universell utforming i byggsektoren.  
Statens bygningstekniske etat samarbeider med Husbanken om prosjektet Informasjonsprogrammet universell utforming i byggsektoren. Programmet vil målrette tiltak for kompetanseheving i byggenæringen om universell utforming.

- **Tiltak K5 [Kompetanseprogram](#)** for politikarar og tilsette i kommunane.

Programmet er eit samarbeid mellom ulike statlege aktørar som Statens bygningstekniske etat, Husbanken, Deltasenteret, Miljøverndepartementet og Kommunenes interesse- og arbeidsgiverorganisasjon (KS).

Hovudmålet er at politikarar og tilsette i kommunar og fylkeskommunar innan 2014 skal ha god kompetanse på universell utforming innanfor plan- og bygningslovas verkeområde.

### Læringsmål:

*Forstå universell utforming som strategi for likeverd.*

*Kjenne til og kunne bruke lover og regelverk som gjeld universell utforming og tilgjenge.*

*Ha prosesskompetanse, kjenne til lokale ressursar og kunne bygge arenaer.*

*Ha bestillarkompetanse på universell utforming.*

- **Tiltak B4** Etatsvise handlingsplanar for universell utforming i Statens bygningstekniske etat og Husbanken - styrka og utvida innsats.

Husbanken vil kunne tilby tilskot til kompetanseheving i kommunane samt stimulere til universell utforming gjennom grunnlånet. Husbanken vil også presentere gode prosjekt og prosessar når det gjeld universell utforming.



- **Tiltak B6** Rentekompensasjonsordning for istandsetting av kyrkjer.

Rentekompensasjonsordninga, innført i 2005, har som føremål å stimulere til sikring og bevaring av kyrkjer, utsmykking og inventar. Ordninga blir administrert av Husbanken, og universell utforming og tilrettelegging er eit av tiltaka som er omfatta av ordninga.

- **Tiltak B7** Universell utforming av skulebygningar.

Tiltaket omfattar mellom anna investeringsordning for skulebygg og symjeanlegg.

Rentekompensasjonsordning for rehabilitering og nybygging blei fornya i budsjettet for 2009. Den samla investeringsramma er på 15 milliardar kroner over åtte år.

- **Tiltak B16** Krisesenter, valdteksenter og incestsenter.

For å nå målet om å gjere krisesentra tilgjengelege og tilpassa alle brukarar, har Bufdir i samarbeid med Husbanken lagt til rette for auka bruk av Husbankens låneordningar. I rundskrivet med retningslinjer for statstilskot til incestsentra blir det presisert at sentra skal vere gode tilbod for brukarar med særlege behov. Sentra skal mellom anna vere tilgjengelege for personar med nedsett funksjonsevne.

- **Tiltak P4** Universell utforming i områdeutviklingsprosjekt.

Husbanken skal ha fokus på universell utforming i områdeutviklingsprosjekt som verksemda er involvert i. Dette omfattar både det å sikre fysisk tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne, og medverke til sosial tilgjenge slik at lokalsamfunnet blir ein god stad å vere for alle. Dette blir ytterlegare poengtert

gjennom tildelingsbrevet til Husbanken.

- **Tiltak IS1** Etablering av indikatorsystem for måling av universell utforming.

Det skal etablerast eit indikatorsystem for universell utforming på områda IKT, transport, bygningar og anlegg og uteområde.

- **Tiltak IS2** Utvikling av standardar for universell utforming.

Det skal utviklast standardar for universell utforming. Viktige områder er bygg, uteområde, transport og IKT.

### 1.3 Sektorovergripande tiltak og tverrgående tema

Dei prioriterte satsingsområda i regjeringa sin handlingsplan for universell utforming er omfattande.

Fleire tverrgående satsingar og supplerande tema inngår i handlingsplanen. Det gjeld mellom anna utarbeiding av indikatorar og standardar, statleg kommunikasjonspolitikk, omsyn til barn og unge og forskning og utgreiing.



Rådalslien bu- og omsorgsbustader i Bergen.

## 2. Viktige målgrupper og samarbeidspartar

Frå Husbankens side er det viktig å trekkje fram miljøkvalitetar som eit satsingsområde. Godt innelima og bruk av miljøvenlege materialar er ein viktig føresetnad for at bygga kan brukast av personar med astma og allergi. Ved å byggje energieffektivt reduserer ein utgiftene til oppvarming og medverkar dermed til å oppnå regjeringa sin miljøhandlingsplan til ei berekraftig utvikling.

Universell utforming har både ein økonomisk, sosial og miljømessig dimensjon. Gjennom Husbanken sitt bustadsosiale arbeid og satsing på områdeløft, vil universell utforming vere ein viktig strategi på lik linje med miljørelaterte element.

Det er mange faggrupper som medverkar i prosessar som er relatert til universell utforming: Politikarar og offentlege etatar, juristar, kommuneplanleggjarar og utbyggjarar, arkitektar, produktutviklarar, IT-utviklarar, ingeniørar, produsentar, entreprenørar, anleggsgartnarar og handverkarar, helsearbeidarar, marknadsførarar, sosionomar og samfunnsvitarar, ergoterapeuter og interessegrupper.

Ein viktig føresetnad for å få bygg med gode kvalitetar er god planlegging, der alle omsyn blir tekne med frå starten. Dette gjeld også universell utforming og miljøkvalitetar. Eit godt resultat føreset godt samarbeid på tvers av profesjonar, og mellom utførande, eigarar og brukarar.

Husbanken skal i hovudsak samarbeide med profesjonelle aktørar som kommune og byggjebansje. Husbankens produkt og tenester skal byggje på systematisert erfaring og forskning. I dette arbeidet er nær kontakt med kunnskapsproduserende miljø, universitet, høgskular og andre velferdsaktørar viktig.

I Husbankens styringsdokument for 2011 er det presisert at det er kommunar, byggjebansje og kompetansmiljø som i stor grad er førstelinje overfor enkeltpersonar, mens Husbanken i hovudsak

er andrelinje. Til rolla som andrelinje høyrer både kunnskapsformidling og arbeid for å gjere andre aktørar dyktige på bustadfeltet.

- **Kompetansmiljø**

Gjennom Informasjonsprogrammet (tiltak B3) har Husbanken og Statens bygningstekniske etat gjennom fleire år jobba målretta for å implementere universell utforming i undervisninga ved høgare utdanning som arkitekt- og ingeniørutdanningar.



[Bolig-abc](#) er eit samarbeidsprogram mellom skular, Boligprodusentenes Forening, Husbanken, forskingsinstitusjonar og prosjektet Teknologi i skolen. Nettstaden set fokus på spørsmål rundt planlegging av eigen bustad og det å bu gjennom praktiske øvingar. Programmet er tilpassa elevar i grunnskulen.

For å styrkje Husbanken si stilling som kompetansebank, er det nødvendig at Husbanken er godt orientert om nasjonale og internasjonale forskingsaktivitetar og utvikling på fagområdet. Gjennom målretta bruk av kompetansetilbod ønskjer Husbanken å initiere og støtte opp om FoU prosjekt som medverkar til ny kunnskap og forståing på feltet universell utforming.

- **Bransje**

Når det gjeld universell utforming, er byggjebørsen og utøvande handverkarar ei sær viktig målgruppe som Husbanken ønskjer å samarbeide tett med. Særleg gjeld dette aktørar som set seg ambisiøse mål og som legg vekt på kompetanseutvikling og utvikling av nye produkt og byggemetodar.

Husbanken ønskjer å styrkje arbeidet med auka tilgjenge i eksisterande bygg. Forvaltarar og eigarar av bygg spelar ei sær viktig rolle ved oppgradering av eksisterande bygningsmasse og er viktige samarbeidspartnarar i dette arbeidet.

- **Kommune/fylkeskommune**

Kommunane er Husbankens viktigaste kunde, brukar og samarbeidspartnar. Husbanken sitt ansvar er å leggje til rette for at kommunane blir dyktige til å utføre jobben sin. utfordringane i kommunane er ulike og samansette. Det er derfor viktig at Husbanken sine verkemiddel og tiltak er fleksible og kan tilpassast lokale tilhøve.

Overfor dei styrande i kommunane er det viktig å synleggjere kor viktig det er med ein heilskapleg bustadpolitikk som tar høgde for at alle skal bu trygt og godt. Her er universell utforming ein viktig faktor, både i generell kommuneplanlegging, i bygging av kommunale bygg og i arbeid med områdeutvikling.

Saman med fylkeskommunane og fylkesmenene er det viktig at Husbanken stimulerer kommunane til å etablere gode strategiar for å nå målsettingane innan universell utforming i det kommunale planverket.

Husbanken skal ha fokus på å styrkje kompetansen til førstelinjetenesta, slik at den kan gi sluttbrukarane nødvendig hjelp i enkeltsaker.

Kommunale råd for funksjonshemma er ein viktig premissleverandør og ein viktig samarbeidspartnar i dette arbeidet.

Fylkeskommunane er viktige samarbeidsaktørar for Husbanken på fagområdet universell utforming. Dette omfattar mellom anna dei fylkeskommunale råda for funksjonshemma.

- **Brukarorganisasjonar/interesseorganisasjonar**

Dei ulike brukarorganisasjonane sit med mykje kunnskap på området universell utforming og er derfor viktige samarbeidspartnarar for Husbanken.

Av interesseorganisasjonar er godt samarbeid med Kommunenes sentralforbund (KS) og Norske Boligbyggelag (NBBL) særleg viktig.

- **Privatkunder**

Sjølv om Husbanken i første rekkje er i andrelinjetenesta, er sluttbrukarane likevel den målgruppa ein må ha i fokus når ein driv bustadpolitikk og legg føringar for samfunnsutviklinga.

### 3. Status og utfordringar når det gjeld norsk bustadmasse

Når regjeringa vel å legge universell utforming til grunn for samfunnsutviklinga, er føremålet å gi betre og meir likestilte omgivnader for personar med nedsett funksjonsevne. Universell utforming medverkar til sosial og økonomisk berekraft og er derfor ein del av den nasjonale berekraftstrategien. Vidare medfører det samfunnskvalitetar som er positive for alle innbyggjarar.

Regjeringas bustadpolitikk har i fleire tiår lagt vekt på at alle skal kunne disponere ein god bustad i eit godt bumiljø. Alt i 1962 gav Carsten Boysen ut studien "Bygg for eldre og du bygger for hele livet". I offentlig sektor har universell utforming lenge vore ei fanesak.

Tal frå 2004 viser at ca ni prosent av alle bustader i Noreg er tilgjengelege for rullestolbrukarar. Det låge talet gjer at personar som er avhengig av ein tilgjengeleg bustad, i liten grad har høve til å velje fritt på bustadmarknaden. Mange kan heller ikkje bli buande i f.eks. ei lågblokk utan heis dersom dei får endringar i funksjonsevna si. Kommunale omsorgsbustader blir ofte einaste alternativ. Presset på tilgjengelege bustader vil auke med auka tal eldre dersom eksisterande bustader ikkje blir meir tilgjengelege i åra som kjem. Det er ei politisk målsetting at alle skal få bu heime så lenge dei sjølve vil. I tillegg til at dei fleste ønskjer det, vil det også vere samfunnsmessig lønnsamt.

Utvikling av velferdsteknologi vil bli viktig i framtida, og opne for nye måtar å sikre nødvendig tryggleik og funksjonalitet i omsorgsbustader og sjukeheimar og ikkje minst i private heimar. Husbanken ønskjer å vere ein aktiv samarbeidspartnar ved utprøving av ny teknologi. Dette gjeld både sjølve utforminga av bustadene, men og kvar dei er plasserte og korleis dei fungerer i høve til andre funksjonar og infrastruktur. Samfunnet er i stadig endring og nye utfordringar krev nye løysingar. Det er viktig at Husbanken fort fangar opp endringane og utviklar arbeidsmetodar og ordningar som er fleksible og målretta.

Tett samarbeid med andre statlege aktørar er viktig for å kunne auke fleksibiliteten i statlege ordningar og slik medverke til fleire tilgjengelege bustader og bustadområde.

#### 3.1. Eksisterande bustader

Husbankens arbeid omfattar ikkje berre nye bustader, men også eksisterande. Ca to prosent av bustadmassen blir fornya kvart år. Det vil seie at det vil ta svært lang tid før vi har eit tilfredsstillande tal universelt utforma bustader. Det største utfordringane i åra som kjem, vil derfor bli å oppgradere eksisterande bustader.



Utsnitt frå Sandviken, Bergen.

Eksisterande bustadmasse kan delast i to hovudutfordringar:

1. Private bustader
2. Bygg med fleire bueiningar (burettslag, sameier o.a.) utan heis. Folke- og bustadteljinga frå november 2001, viser at berre 64 % av bustadane i bygningar med 5 etasjar eller meir har heis. I lågbløkker (3 og 4 etasjar) var det berre ca 10 % som hadde heis. Til saman utgjer dette over 200 000 bustader. NBBL er ein viktig samarbeidspartnar i arbeidet med å installere heis i desse bygningane.

### 3.2 Nye bustader

Ny plan- og bygningslov har skjerpa kravet til nye bustader som skal byggjast. Dette gjeld særleg krav til redusert energibehov og auka tilgjenge. Når det gjeld Husbankens arbeid med energi, viser vi til Husbankens miljøprogram 2009-2013.

Ved bygging av bustadbygg med krav til heis, stiller TEK 10 (Byggteknisk forskrift) krav til at bueiningane skal vere tilgjengeleg for personar med funksjonsnedsetting. For andre typar bustadbygg, er krava mindre strenge. For å sikre ein bustadmasse som stettar framtidens krav, har kommunane ei viktig oppgåve med å leggje føringar i overordna planer.

Husbanken skal vere ein pådrivar overfor kommunane i dette arbeidet. Samstundes har Husbanken ei viktig rolle når det gjeld å heve kompetansenivået blant dei ulike aktørane.

### 3.3 Bumiljø og områdeutvikling

Ein universelt utforma bustad er ein viktig føresetnad for eit likeverdig liv. Det er likevel viktig å sjå bustaden i ein større samanheng både når ein planlegg nye bustadområder, eller områdeutvikling i etablerte

områder. Skal Husbanken lukkast i målsettinga om at alle skal bu trygt og godt, er tett samarbeid med andre aktørar innan samfunnsutvikling viktig. Særleg gjeld dette innan planarbeid, men også innan helse, integrering og samferdsel.



Nytt bustadområde Råstølen, Bergen.

## 4. Husbankens mål, strategi og tiltak

Regjeringa sitt hovudmål er at alle skal bu trygt og godt og at det bygde miljøet blir forma ut frå omsynet til ei berekraftig utvikling. Husbanken skal tenkje heilskapleg og ha fokus på fleire målsettingar innan kvalitetsarbeidet og perspektiv ved det å bu. Gode bustadløyisingar for vanskelegstilte, universell utforming, redusert energibruk, inneklima og miljøvenleg materialbruk er eksempel på område som Husbanken skal framheva.

Husbanken skal medverke til å nå målet "Noreg universelt utforma 2025" gjennom særleg fokus på å auke talet universelt utforma bustader, bygg og uteområder.

Noreg kan seiast å være et føregangsland når det gjeld å utpeike universell utforming av bygg, uteområde, offentlig transport osv. som politikkområde. Husbankens fokus skal vere å omsetje politikken til handling.

### 4.1. Arbeidsmål 1: Auke kunnskap og kompetanse om universell utforming

Husbanken skal styrke rolla som kompetansebank når det gjeld bustader og bustadpolitikk og ha oppdatert kunnskap om både fysisk og sosial tilgjenge og korleis universell utforming kan brukast som ein strategi for å utvikle eit samfunn for alle. Husbanken skal aktivt formidle denne kompetansen.

#### 4.1.1 Strategiar for arbeidsmål 1

Husbanken skal i samarbeid med Statens bygningstekniske etat (BE) auke kunnskap og kompetanse om universell utforming til dei profesjonelle aktørane, kommunar og brukarorganisasjonar. Dette vil best skje gjennom utvikling av eit godt og effektivt informasjonsnett og i eit samspel med kunnskapsproduserande miljø.

Husbanken skal utvikle langsiktige alliansar/samarbeidsrelasjonar med viktige nasjonale aktørar og

miljø og utvikle samarbeidet med kommunar, fylkeskommunar og aktørar innan byggjebransjen som har høge ambisjonar innan kvalitetsarbeid.

Regionkontora skal bevisstgjere kommunane slik at dei i si planlegging legg tilhøva til rette for eit inkluderande samfunn med full likestilling og deltaking for alle.

Når det gjeld implementering av kompetanseprogrammet K5 har Husbanken eit særleg ansvar for å gjere programmet kjent og motivere kommunane til å delta.

Husbanken skal halde seg særleg oppdatert på utviklinga i EU og Norden, men også ha god kjennskap til internasjonalt arbeid og utvikling. For å lukkast i dette arbeidet, er det viktig at Husbanken deltek i ulike fora, og utviklar langsiktige alliansar/samarbeidsrelasjonar med viktige internasjonale aktørar og miljø.

#### 4.1.2 Tiltak arbeidsmål 1

- **Tiltak A:** Husbankens internettsider skal til ei kvar tid formidle tilgjengelig og oppdatert kunnskap om fagområdet universell utforming. Ansvarleg: Husbanken Region vest
- **Tiltak B:** Husbanken skal regelmessig gjennomføre undersøkingar som målar i kva grad brukarar av husbanken.no er tilfreds med nettsida. Ansvarleg: Husbanken Midt Norge
- **Tiltak C:** Universell utforming skal vere eit tema på alle møter med byggjebransje og implementerast i intensjonsavtalar/samarbeidsavtalar. Ansvarleg: Alle Husbankens regionkontor
- **Tiltak D:** Kompetanseprogrammet K5 skal inngå som ein del av samarbeidsavtalar mellom Husbanken og kommunane og gjennomførast innan 18 månader etter at avtale er underskriven. Ansvarleg: Alle Husbankens regionkontor.

- **Tiltak E:** Det skal utarbeidast ein eigen plan for korleis Husbanken skal arbeide med kompetanseprogrammet K5. Ansvarleg: Husbanken Region vest
- **Tiltak F:** Intensjonsavtalar og samarbeidsavtalar med byggjebransjen og sentrale aktørar, for eksempel undervisningsinstitusjonar, skal ha høgt fokus på universell utforming. Ansvarleg: Husbankens hovudkontor og alle regionkontor.
- **Tiltak G:** Husbanken skal samarbeide med NBBL med føremål å auke talet på heis i eksisterande lågblokker. Ansvarleg: Alle Husbankens regionkontor.
- **Tiltak H:** Husbanken skal samarbeide med NAV for å etablere eit forsøksprosjekt der ein i fleirbustadbygg prøver ut tilskot frå hjelpemiddelsentralen til etablering av heis i staden for installering av hjelpemiddel. Ansvarleg: NAV Hjelpemiddelsentral i samarbeid med Husbanken Region vest.
- **Tiltak I:** Innan planperioden skal arkitekthøgskular og ingeniørhøgskular ha implementert universell utforming i undervisninga. Ansvarleg: Informasjonsprogrammet v/ Statens bygnings-tekniske etat og Husbanken Region vest.
- **Tiltak J:** Auke etterspurnaden etter universelt utforma bustader gjennom samarbeid med Statens bygningstekniske etat og Informasjonsprogrammet og dinfeil.no. Ansvarleg: Informasjonsprogrammet ved Statens bygningstekniske etat og Husbanken Region vest.
- **Tiltak K:** Husbanken skal medverke i arbeidet med å arrangere ein internasjonal konferanse innan universell utforming i 2012 og elles følge med på internasjonal utvikling/arbeid innan fagområdet. Ansvarleg: Husbanken Region vest
- **Tiltak L:** Husbanken skal halde seg orientert om det som skjer på området velferdsteknologi. Ansvarleg: Husbanken Region vest.

- **Tiltak M:** Husbanken skal utvikle informasjonsmateriell på kunnskapsportalen som viser korleis ein bør tilpasse bustaden for alderdommen. Det skal leggjast særleg vekt på tiltak som gjer at ein kan bu lenger heime og korleis ein kan hindre, eventuelt redusere konsekvensane ved fallulykker. Ansvarleg: Husbanken Region vest.

## 4.2 Arbeidsmål 2: Effektiv bruk av økonomiske ordningar

Husbanken skal gjennom effektiv bruk av økonomiske verkemidlar auke talet på universelt utforma bustader og uteområde aukar.

### 4.2.1 Strategiar arbeidsmål 2

Husbanken skal gjennom effektivt og målretta bruk av lån- og tilskotsmidlar medverke til å nå målet om fleire universelt utforma bustader og uteområde.

Husbanken skal erstatte livløpsstandarden med NS 11001 Universell utforming av byggverk – Del 2: Boliger.

Ved bruk av FoU-midlar skal ein prioritere prosjekt som har stor overføringsverdi og som på sikt kan medverke til å oppfylle nasjonale målsettingar innan universell utforming.

### 4.2.2. Tiltak arbeidsmål 2

**Tiltak N:** Husbanken skal stille krav til gode og heilskaplege kvalitetar innan universell utforming og energi/miljø i alle prosjekt som blir finansiert med Husbankens grunnlån. Dette gjeld også kommunalt disponerte bustader og barnehagar. Ansvarleg: Alle Husbankens regionkontor

- **Tiltak O:** Husbanken skal stimulere til auka bruk av grunnlån til utbetring som aukar tilgjenge i eksisterande bygg. Ansvarleg: Alle Husbankens regionkontor.

- **Tiltak P:** Husbanken skal i 2011 gjennomføre informasjonsmøte for byggjebransjen i samband med ny rettleiar for grunnlån. Ansvarleg: Alle Husbankens regionkontor.
- **Tiltak Q:** Bruk av tilskot (post 21 og 77) skal støtte nasjonal og regional utvikling og spreiding av kunnskap, kompetanse, gode førebilete og kvalitetssikring. Dette gjeld også utvikling av smarthus- og velferdsteknologi. Ansvarleg: Alle Husbankens regionkontor.

#### 4.3.1 Strategiar arbeidsmål 3

Husbanken skal aktivt bruke evaluering som læring og som grunnlag for vidare arbeid med universell utforming. Dette for å få betre kunnskap om dei vellukka og dei meir problematiske sidene ved prosjekta og for aktivt å kunne bruke dette i formidlingsarbeid. Husbanken disponerer ei rekkje økonomiske verkemidlar. For å sikre høg måloppnåing er det viktig at dei ulike ordningane blir evaluerte og eventuelt justerte.



*Gangveg til sjøen - Eid i Sogn og Fjordane.*

- **Tiltak R:** Husbanken skal gjennom tilskot til tilstandsvurdering fremje kvalitetar innan universell utforming og energi/miljø.

#### 4.3 Arbeidsmål 3: Evaluering

Husbankens arbeid med universell utforming skal evaluerast.

#### 4.3.2 Tiltak arbeidsmål 3

**Tiltak S:** Husbanken skal systematisk følgje pilotprosjekt. Ansvarleg: Alle Husbankens regionkontor.

**Tiltak T:** Husbanken skal gjennomføre brukarundersøkingar for å måle kor tilfreds våre samarbeidspartnarar er med arbeidet Husbanken gjer innan universell utforming.  
Ansvarleg: Husbanken Region vest.

## 5. Rammer og verkemiddel

### 5.1. Internasjonalt

Noreg samarbeidar internasjonalt og følgjer opp ei rekke anbefalingar og forplikningar på området universell utforming og tilgjenge:

#### FN

I konvensjonen om menneskerettar for personar med nedsett funksjonsevne, har FN definert universell utforming. Dette vil vere førande for norsk lovgiving når Noreg ratifiserar konvensjonen og ha direkte betyding for den juridiske operasjoniseringa av omgrepet i Noreg.

[FNs konvensjon](#) om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne blei vedtatt av FNs generalforsamling 13. desember 2006. Føremålet med konvensjonen er å sikre menneske med nedsett funksjonsevne full og likeverdig rett til å realisere sine menneskerettar. Konvensjonen slår fast at statane er forplikta til å setje i gang nødvendige tiltak for å sikre at menneske med nedsett funksjonsevne har tilgang til det fysiske miljøet, transport, informasjon og kommunikasjon, samt andre tilbod og tenester som er opne for eller blir tilbydd allmenta. Statane skal også arbeida for å fremje universell utforming. Noreg underteikna konvensjonen 30. mars 2007 og regjeringa førebur ein proposisjon om ratifisering av konvensjonen.

#### Europarådet

Europarådets Ministerkomité vedtok den 5. april 2006 ein handlingsplan for funksjonshemma for perioden 2006-2015. Handlingsplanen omfattar element som menneskerettar, antidiskriminering, fullt medborgarskap og deltaking for menneske med nedsett funksjonsevne. Målet for handlingsplanen er å sikre full deltaking for personar med nedsett funksjonsevne i samfunnet og at sektoransvarsprinsippet skal gjelde for all politikk i medlemslanda.

#### EU

I EU er antidiskrimineringslovgivinga avleda av Artikkel 13 i Amsterdamtraktaten, som tok til å gjelda i 1999. EU har lagt stor vekt på sektoransvarsprinsippet, dvs. at dei ulike einingane av Europakommisjonen skal syte for at prinsippet om universell utforming blir integrert i så vel politikk som lovgiving.

EØS avtalen dekkjer ikkje direktivet som er tilrådd, og Noreg er derfor ikkje bunden av Amsterdam- og Nicetraktatane. Diskriminerings- og tilgjengelighetslova går på fleire område lenger enn det tilrådde direktivet, mellom anna i form av definisjon av universell utforming, aktivitetsplikt og for gjennomføring av universell utforming. På den annen sida tar direktivet opp likebehandling på området bustader og tenester, to område som ikkje er klart spesifisert i den norske lova. EU har i liten grad vedteke lovgiving som omfattar universell utforming av bygg og uteområde.

November 2010 blei EUs strategi for personar med funksjonsnedsetting vedtatt av EU-kommisjonen. Planen inneheld konkrete tiltak som skal gjennomførast i det komande tiåret. Målet er at innan 2020 skal Europa vere fritt for barrierar for menneske med nedsett funksjonsevne. Om strategien på [universell-utforming.miljo.no](http://universell-utforming.miljo.no).

#### Nordisk Ministerråd

Det politiske samarbeidet byggjer på felles verdiar og ein vilje til å oppnå resultat som medverkar til ei dynamisk utvikling og som aukar Nordens kompetanse og konkurransekraft. Samarbeidet for personar med funksjonshemmingar i Norden blir drive og utført med forskjellige verktøy og institusjonar. Nordisk handikappolitisk råd har her ei viktig rolle.

Nordisk Ministerråd vedtok i 2006 ein nordisk handlingsplan for «design for alle/universell utforming». Denne planen skal fremme tilgjenge på viktige samfunnsområde, og får ein naturleg plass i alle sektorar innanfor det nordiske samarbeidet.

## Standardisering

I arbeidet for universell utforming er standardar og standardiseringsarbeid eit viktig verktøy. Gjennom standardar kan ein konkret anwise kva som skal leggast i omgrepet universell utforming i dei enkelte tilfelle.

På internasjonalt plan er universell utforming aktuell i samband med fleire standardar og retningslinjer:

- **ISO/TC 59/SC 16 N N63 Building construction - Accessibility and usability of the built environment**

Standarden tar opp så vel det akustiske miljøet som behov for god belysning, detaljkrav til uteareal rundt arbeids- og publikumsbygg. Dokumentet tar også opp teikn og skilting.

*På europeisk nivå er arbeid med ein europeisk standard i gang:*

- **CEN/BT/WG 207**

Arbeidet er delt i 2 faser. Fase 1 går ut på å samle informasjon frå alle deltakarlanda om lover, forskrifter og nasjonale standardar på temaet universell utforming. Dette vil kunne gi grunnlag for ein analyse som kan signalisere kor kompleks det vil vere eventuelt å kome fram til ein felles europeisk standard på området. Fase 2 blir å utarbeide ein felles europeisk standard.

## 5.2. Nasjonalt

I Noreg blei universell utforming fastlagt som eit prinsipp for politikk og lovgiving frå slutten av 1990-tallet. Sentrale dokument i denne utviklinga har vore NOU 2001.22 Fra bruker til borger (2001) som var Manneråkutvalets levekårsutgreiing om personar med nedsett funksjonsevne i Noreg.

Eit av regjeringas bustadpolitiske hovudmål er å auke talet på bustader som er tilgjengelege for personar

med nedsett funksjonsevne. St.meld nr 40 (2002-2003) Nedbygging av funksjonshemmende barrierer held fram universell utforming som ein sentral strategi for å nå dette målet. Strategien legg vekt på at det skal veljast løysingar som omfattar alle, framfor spesielle løysingar for bestemte målgrupper.

NOU 2005:8 Likeverd og tilgjengelighet (2005) omfatta eit forslag til ei diskriminerings- og tilgjengelighetslov, samt ei juridisk utgreiing om kva universell utforming som rettsleg prinsipp medfører. Lovforslaget til dagens lov kom i Ot.prp.44 (2007-2008) Om lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. Lovforslaget omfatta definisjon av universell utforming i tillegg til vurderingar om universell utforming på hovudområda IKT, transport, bygg og uteområde. Den slo også fast samanhengen mellom diskriminering og mangel på tilgjenge.

### Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven

1. januar 2009 blei ei ny og offensiv lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne gjort gjeldande. Føremålet med lova er å styrke det rettslege vernet mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne og hindre diskriminering mellom anna på grunn av manglande tilgjenge.

I regjeringas politisk plattform for 2009-2013 står det mellom anna:

- Regjeringa vil kjempe mot all diskriminering. Alle skal ha høve til å utnytte sine evner og leve gode liv uavhengig av kjønn, sosial bakgrunn, religion, seksuell orientering, funksjonsevne eller etnisk bakgrunn.
- Regjeringa vil arbeide for å fremje deltaking og likestilling for personar med nedsett funksjonsevne. Fråvær av tilgjenge, også til varer og tenester, er diskriminering.
- Noreg skal vere universelt utforma i 2025.

## Standardisering

På nasjonalt plan er universell utforming aktuelt i samband med fleire norske standardar (NS):

- **NS 11001 Universell utforming av byggverk og tilliggende uteområder**

Denne standarden omfattar universell utforming av bygningar (publikumsbygg og bustader) og tilliggande uteområde. Standarden rettar seg primært til prosjekterande i ei byggesak, men også til tiltakshavarar og kommunar. Krava i standarden skal kunne nyttast som grunnlag i kontraktar mellom partar eller som referansegrunnlag i reguleringsvedtekter. Standarden er delt i to delar:

### Del 1 Arbeidsbygg/publikumsbygg

Denne delen går i detalj på kva krav til bygningar og uteområde som skal krevjast for bygg opne for publikum. Det gjeld mellom anna krav til tilkomst, parkeringsplassar for funksjonshemma, dører, toalett/dusjar, møterom, heisinnreiing, retningsvisarar og annan informasjon, belysning, materialbruk og akustikk.

### Del 2 Bustader

Den delen omfattar alle type bustader med tilliggande uteområde og gir på same måte som del 1 ein definisjon og beskriving av ulike typar nedsett funksjonsevne og deira utfordringar.

- **prNS 11005 Universell utforming av uteområde**

Standarden skal bidra til at universell utforming blir inkludert og lagt til grunn ved prosjektering, utforming og utføring av løysingar og tiltak i opparbeida uteområde. Føremålet er at områda skal kunne nyttast av alle menneskje.

Standarden omfattar opparbeida uteområde ved bygg og anlegg, grønstruktur, natur- og friluftsområde og samferdselsanlegg. Det er forventa at standarden ligg føre i 2011.

## 5.3 Husbankens verkemiddel og verktøy

Bustadpolitikken inngår som ein sentral del i regjeringas velferdspolitikk.

I Husbankens styringsdokument er det presisert at bankens kjerneoppgåve er å drive eit målretta og systematisk arbeid for å setje norske kommunar i stand til å gjennomføre ein heilskapleg og lokalt tilpassa politikk for vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Husbanken skal syte for effektiv formidling av kompetanse og kunnskap. Utvikling av kunnskapsportalen [www.husbanken.no](http://www.husbanken.no) og kopling til andre relevante nettstader, er særleg aktuelt på fagområda universell utforming og bærekraft.

Andre sentrale virkemiddel er:

### Samarbeidsavtaler

Husbanken inngår samarbeidsavtaler med andre offentlige aktørar, som hovudregel kommunar og andre statlige etatar. Føremålet er auka måloppnåing gjennom erfaringsutveksling, samarbeid og samordning av statlege mål, strategiar, handlingsplanar og verkemiddel.

### Intensjonsavtaler

Husbanken inngår intensjonsavtaler med viktige aktørar innanfor byggebransjen både sentralt og regionalt. Hovudføremålet med intensjonsavtaler er å etablere eit effektivt samarbeid for å nå ambisiøse mål og for å skape framsynt planlegging for bransjen. Intensjonsavtalene er gjerne retta mot ambisiøse prosjekt til førebilete for andre, kompetanseheving og kompetansespreiing.

### Kompetansetilskot

Tilskotet har som føremål å bidra til å heve kompetansen om miljøvenlege og universelt utforma bustader og bygg. Tilskotet blir gitt til forskings- og

utgreiingsprosjekt, utviklings- og forsøksprosjekt og til informasjonstiltak. Tilskottsutmålinga blir fastsett av Husbanken etter ei heilskapleg vurdering basert på søknadens føremål, søkars gjennomføringsevne, høve for annan finansiering og etterspørselen etter tilskotsmidlar.

### Grunnlån

Husbankens grunnlån skal fremje universell utforming og gode miljøkvalitetar i nye og eksisterande bustader, finansiere bustader til vanskelegstilte og husstandar i etableringsfasen og sikre nødvendig bustadforsyning i distrikta.

Grunnlånet kan brukast til nye bustader, utbetring av bustader, til ombygging av bygningar til bustader og til kjøp av nye og brukte utleigebustader. Grunnlån kan også gis til barnehagar, studentbustader og andre lokale, som grendehus og felleslokale som er ein naturleg del av bumiljøet.

### Tilskot til tilstandsvurdering og prosjektering/ installering av heis

Burettslag, sameige og liknande kan få tilskot frå Husbanken til tilstandsvurdering og heilskapleg planlegging ved bustad- og miljøfornyng. I tilstandsvurderinga skal det leggjast vekt på å auke talet tilgjengelege og brukbare bustader og uteareal for alle bebuarar (universell utforming) og høve for ei miljøvennleg rehabilitering. Det blir også lagt vekt på å greie ut gode estetiske løysingar. Det finst to typar tilstandsvurdering:

- Trinn I: Generell overordna vurdering som skal gjere greie for dei viktigaste, funksjonelle, miljømessige og tekniske tilhøva, og behov for utbetringar og endringar i åra som kjem.
- Trinn II: Detaljert undersøking eller analyse av spesielle forhold som høve for universell utforming, miljø/ energitiltak og god byggeskikk.

### Tilskot til omsorgsbustadar og sjukeheim

Investeringstilskotet er ein del av Omsorgsplan 2015. Det skal stimulere kommunane til å fornye og auke tilbodet av sjukeheimplassar og omsorgsbustader til personar som har behov for heildøgns helse- og sosialtenester uavhengig av alder, diagnose eller funksjonshemming.



Barkaleitet burettslag m/heis, Åsane i Bergen.

### **Tilskot til bustad-, by- og områdeutvikling**

Bumiljøtilskotet skal stimulere til å setje i verk tiltak, som ikkje ville blitt realisert utan dette tilskotet. Tiltak som det blir søkt om midlar til, må alle ha som føremål å utvikle gode bustader og bumiljø. Tilskotet i 2011 er øyremerka Groruddalen i Oslo og Årstad bydel i Bergen.

### **Tilskot til utleigebustader**

Kommunar og samarbeidspartar kan søke om tilskot til oppføring eller kjøp av utleiebustader til husstandar med svak økonomi. Tiltak for bustadlause skal prioriterast.

### **Tilskot til utgreiing og prosjektering**

Tilskotet kan dekke kostnader til fagleg bistand ved utgreiing og prosjektering når bustaden må tilpassast slik at personar med særlege behov skal kunne bu der.

### **Bustadtilskot til enkeltpersonar**

Storleiken på tilskottet blir gitt ut frå ein heilskapleg vurdering av behov og økonomisk støtte frå andre offentlege støtteordningar. Ordninga blir administrert av kommunane.

### **Tilskot til tilpassing**

Tilskotet skal medverke til å gjere bustaden tilgjengeleg for eldre og personar med nedsett funksjonsevne. Ordninga blir administrert av kommunane.

### **Tilskot til etablering**

Tilskotet skal medverke til at husstandar med svak økonomi skal få ein nøktern og godt egna bustad. Ordninga blir administrert av kommunane.



*Svarttjern - bydel Grorud. Områdeløft Romsås.*

## 6. Strategiar for vidare arbeid

I politisk plattform for fleirtalsregjeringa er det presisert at regjeringa vil føre ein sosial bustadpolitikk, slik at alle skal kunne disponere ein god bustad i eit godt bumiljø. Kva strategiar Husbanken skal jobbe etter for best å oppnå regjeringa si målsetting, er avhengig av ambisjonsnivå, tid og ressursar til rådvelde og kva ein vurderer som dei viktigaste faktorane for å nå målsettingane.

Per i dag er lovgivinga i Noreg strengare enn i dei fleste andre land vi vanlegvis samanliknar oss med.

1. januar 2009 blei ny lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelighetslova) sett i verk. Formålet med lova er å styrkje det rettslege vernet mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne og hindre diskriminering mellom anna på grunn av manglande tilgjenge. Verksemdar som rettar seg mot publikum pliktar å rette seg etter kravet om universell utforming. I EU skal Europakommisjonen syte for at prinsippa om universell utforming blir integrert både i politikk og i lovgivinga, men når det gjeld bygg og uteområder er det gjort lite konkret. Eit anna sentralt lovverk som underbyggjar og presiserer omsynet til universell utforming, er ny plan- og bygningslov.

Når Husbanken skal velje strategiar for vidare arbeid innan universell utforming er det viktig å sjå kva moglegheiter som ligg i omgrepet og kva faktorar som bør vere med i konseptet: inkludering, livskvalitet, oppleving, estetikk, økonomi, bumiljø/-kvalitet og heilskapleg samfunnsplanlegging.

Universell utforming er eit fagområde i sterk utvikling og det er difor viktig å evaluere eksisterande tiltak og strategiar for å kunne målrette arbeidet best mogeleg. Dette kan ein gjere gjennom gode og dårlege erfaringar, inklusive brukar erfaringar. Samstundes er det viktig å ha fokus på prosess og løysing, samt samspelet mellom faglege løysingar og brukar si erfaring med løysingane.



Byrom i Bergen.

For ditt næraste regionkontor, ring 815 33 370

HB 1.E.9 N

HANDLINGSPLAN UNIVERSELL UTFORMING - 2011 - 2015

UTGITT AV HUSBANKEN, AUGUST 2011

OPPLAG:

ISBN:

FOTO: HUSBANKEN

DESIGN: HUSBANKEN, REGION VEST

GRAFISK PRODUKSJON: HUSBANKEN. REGION VEST